



PLANFORUM 2019.06.19 kl.1000 - kl.1300 Møterom 700 Fylkeshuset	
Saktittel:	Rauma kommune - reguleringsplan E136 Flatmark-Marstein
Til stades:	Rauma kommune, Statens vegvesen, Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Bane Nor, NVE, Møre og Romsdal fylkeskommune
Referat:	<p>Vegvesenet orienterte om status og framdrift i planarbeidet. Strekninga har vesentleg lågare vegteknisk standard enn resten av E136, særleg er jernbane-undergangen på Skirimoen ein flaskehals. Vegvesenet ønsker å legge til rette for syklende/gåande langs strekninga. Det er foreslått tre ulike alternativ for ny vegføring på delstrekninga mellom Flatmark og Skiri. Eitt av alternativa er meir eller mindre i samsvar med vedteken kommunedelplan, medan dei to andre avvik frå denne. Utfordringane langs delar av parsellen er særskilte, mellom anna ut frå at:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>- jernbanen ligg parallelt og må eventuelt flyttast</li><li>- Rauma elv er varig verna og inngrep i elva er uønska</li><li>- ein må ta omsyn til villaks og laksefiske</li><li>- både eksisterande veg og jernbane er underlagt kulturminnevern</li><li>- omgivnadene inngår i landskapsvernområde</li><li>- Kors middelalderkirkegård mm. ligg nær</li><li>- bustadhus/gardsbruk må takast omsyn til</li><li>- må ha sikre avkøyringar</li><li>- ny flaumsonekartlegging syner behov for å heve vegen nokre stader</li><li>- delar av strekninga er utsett for steinsprang- og snøskredfare</li></ul> <p>I tillegg gir den "tregte" situasjonen store utfordringar i anleggsfasen, mellom anna fordi verken jernbane eller europaveg kan stengast i lange periodar.</p> <p>Bane Nor: Er tydelege på at ei eventuell omlegging av jernbana er komplisert, ut frå at det tar tid å planlegge og søke nødvendige løyver. Omlegginga må forhalde seg til nye standardkrav, på same måte som vegen må. Kostnadene kan bli store. Samd med vegvesenet i at det er uaktuelt med lengre tids stenging.</p> <p>Fylkesmannen: Vil ikkje akseptere inngrep i Rauma elv som gir varige, negative verknader for elvenaturen eller landskapet. Kan akseptere mellombelse inngrep dersom ein kan dokumentere at det ikkje blir varige skader på staden eller nedstrøms. Det er ikkje særskilt behov for "fiskesti", men behovet for å legge til rette for syklende/gåande vert akseptert.</p> <p>NVE: Viser til klimaendringane og nytt dimensjoneringsgrunnlag for flaumsonekartlegginga (som vegvesenet har lagt til grunn). NVE vil vurdere fare for liv og helse, men flaum over veg er først og fremst vegeigar sitt ansvar.</p> <p>Fylkeskommunen: Vil gå imot inngrep i eller nær middelalderkirkegården. Når det gjeld vern av veg og jernbane, må det være dialog mellom vegeigar/baneeigar og Riksantikvaren om premissane.</p>

	<p>Konklusjon: Behovet for oppgradering av E136 er erkjent. Ulike interesser kjem til å måtte prøvast mot kvarandre formelt gjennom høyringsprosessen. Det var ingen eintydig tilråding om alternativ frå deltakarane, men nokre signal om utgreiingar som må vere på plass for å kunne trekke konklusjonar.</p>
Saktittel:	Giske kommune - områderegulering Gjøsund/Sætra sentrum
Til stades:	Giske kommune, AsplanViak (innleid konsulent), Statens Vegvesen, Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Møre og Romsdal fylkeskommune
Referat:	<p>Giske kommune v/konsulent orienterte om reguleringsprosessen. Mykje av premissa for utvikling av nytt sentrum i området, vert gitt gjennom kva løysingar som er moglege i kryssinga mellom fylkesveg og riksveg. Fire ulike alternativ vart lagt fram og drøfta. I tilknytting til alternativa er også arbeidd med skisser for funksjonsfordelinga innan sentrumsområdet. Kryssløysingar nødvendig på begge sider av Gjøsundbrua. På nordsida er allereie mykje areal tilrettelagt for industri. Ønske om gangveg over brua.</p> <p>Vegvesenet: I utgangspunktet uønska med rundkøyring langs riksvegen. Må likevel vurdere konkret dersom det kjem forslag. Avstanden mellom kryss (på kva side av brua) har generelt betydning for vurderingane. Er generelt også skeptisk til etablering av aktivitet på begge sidene av riksvegen, noko som aukar ulukkerisiko i samband med kryssing.</p> <p>Fylkeskommunen: Bør halde publikumsretta aktivitet samla sør for brua. Viktig å tenke gjennom framtidig utviklingsretning.</p> <p>Fylkesmannen: Støyutgreiingar vil legge premiss for noko av arealet. Rår i utgangspunktet til ikkje å bygge ned strandsona vest for riksvegen.</p> <p>Konklusjon: Skissene gir grunnlag for vidare arbeid med plankart og føresegner. Desse må vurderast konkret når dei føreligg.</p>